

**STYREMØTE 12.02.13**  
**2012/2013**

Årsmøteperioden 2012/2013

TID.:

REF:  
SÅR

**REFERAT**

STED: KLUBBHUSET

DELTAkere		FUNKSJON	TLF/FAKS/E-POST	TILSTEDE
Tor Røed	<b>TR</b>	Leder	<a href="mailto:tor.roed@nrk.no">tor.roed@nrk.no</a>	-
Svein Åge Relling	<b>SÅR</b>	Fung. leder	<a href="mailto:sveinrel@gmail.com">sveinrel@gmail.com</a>	X
Eva Grande Rø	<b>EGR</b>	Allidrett	<a href="mailto:eva-grande.ro@trondheim.kommune.no">eva-grande.ro@trondheim.kommune.no</a>	X
Elin Yli Dvergsdal	<b>EYD</b>	Styremedlem, vara	<a href="mailto:elin_dverg@yahoo.no">elin_dverg@yahoo.no</a>	-
Lars Talgø-Kristiansen	<b>LTK</b>	Representant fotball	<a href="mailto:larstk67@gmail.com">larstk67@gmail.com</a>	X
Jorid Solem	<b>JS</b>	Representant handball	<a href="mailto:jorid.solem@entercard.no">jorid.solem@entercard.no</a>	X
Morten Tøfte	<b>MT</b>	Representant basket	<a href="mailto:motofte1@online.no">motofte1@online.no</a>	-
Bjørn Morkemo	<b>BM</b>	Økonomi utanfor styret	<a href="mailto:bjmorkemo@gmail.com">bjmorkemo@gmail.com</a>	

	ANSV.	FRIST
<b>SAK 27 -2012/13 GODKJENNING REFERAT</b> Ingen merknader.		
<b>SAK 28 -2012/13 STATUS I LAGA</b> <b>Basket</b> (orientering frå Morten sendt på e-post før møtet): <ul style="list-style-type: none"> <li>Sesongen går mot slutten. Mange gode resultater i år og stor vekst i antall treningsgrupper.</li> <li>Antall treningsgrupper på starten av sesongen 6-7 nå 11-12. Dette er meget bra for oss som liten idrett.</li> <li>Årsmøte 6.3.</li> <li>Regnskap ferdig med overskudd på ca 100.000,-</li> <li>Stor økning i antall betalende medlemmer. Gode inntekter fra andre ting. Dugnader, bingo, vedsalg osv.</li> <li>Ikke noe utestående, sunn økonomi</li> <li>Spennende å se hva valgkomiteen klarer. Har 3-4 på valg.</li> <li>Vurderer heltidstrener for breddeklubben neste år for å bedre kvaliteten på treningene på de yngre lagene.</li> <li>Vil diskutere utebane på Havstein og eventuelt sette av midler til dette på årsmøtet.</li> <li>Vil starte med basketball for barn tidligere enn idag. Men vil følge SIF regler da vi starter nå først med 10-11 åringer. Vil starte 8-9 åringer med trening.</li> <li>Ønsker å være ett mer aktivt del av allidrettstilbudet i SIF. Ny sak i internasjonal basket som heter EasyBasket Challenge for de yngste.</li> </ul> <b>Fotball</b> v/Lars: <ul style="list-style-type: none"> <li>Slit med rekruttering til styreverv. Har prøvd ei ordning med at alle lag skal stille med minst ein person til styrets disposisjon, men så langt har det ikkje gitt utteljing.</li> <li>Årsmøte planlagt i mars.</li> <li>Har fått på plass god struktur i organisasjonen.</li> <li>God aktivitet i laga, bra ordning med hospitering.</li> <li>Store hol i rekruttering på jentesida.</li> <li>Økonomien er sunn og under kontroll.</li> </ul> <b>Handball</b> v/Jorid: <ul style="list-style-type: none"> <li>Årsmøte planlagt i mars. Må finne 3-4 nye styremedlemmer.</li> <li>Sportsleg utval etablert hausten 2012 jobbar bra.</li> <li>Solid økonomi. Ca 132000 i overskot i 2012. Gode inntekter frå dugnader. Vurderer å bruke overskotet til redusert eigenandel på cupar eller til kjøp av meir halltid.</li> <li>Skal vere med å arrangere veteran-NM til hausten. Gir gode inntekter.</li> </ul>		

	ANSV.	FRIST
<p><b>Allidrett</b> v/ Eva:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 1. trinn: Ca 30 deltakarar kvar gong. Bra oppmøte og mange foreldre involvert.</li> <li>• 2. trinn: Ei lita foreldregruppe er involvert i treningane.</li> <li>• 3. trinn: Stor oppslutning, brei foreldretrenargruppe. Mest handball og fotball.</li> </ul>		
<p><b>SAK 29-2012/13 SPONSORAVTALEN MED NTE</b></p> <p>Svein Åge orienterte frå møte med NTE på Stjørdal den 31. januar, der han og Tor deltok. Formålet med møtet var å gå gjennom erfaringane med den gjeldande avtalen og diskutere grunnlaget for eventuell vidareføring.</p> <p>Erfaringar med gjeldande avtale:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• SIF poengterte at tilleggsavtalen om bonus for rekruttering av nye kundar ikkje har fungert og signaliserte skjerping av innsatsen med dette.</li> <li>• NTE poengterte at hovuddelen av avtalen, der NTE betaler eit fast beløp mot å få reklameplass på draktene og tilgang til SIFs arrangement er ein minst like viktig del.</li> <li>• NTE blei invitert til Sverresborg-cupen på Havsteinbanen. Ei erfaring med det var at dei fleste besøkande var frå andre delar av byen og dermed ikkje nødvendigvis i målgruppa for NTE når det gjeld rekruttering til fiberabonnement. Klubbinterne arrangement i lokalmiljøet vil i utgangspunktet vere meir interessante å delta på.</li> <li>• Det er forbetningspotensial både i måten den ordinære sponsoravtalen og tilleggsavtalen om bonus for rekruttering av kundar har vore handtert.</li> </ul> <p>Eventuell vidareføring:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• NTE har ei målsetting om 65 prosent dekning i dei områda dei har lagt ned fiber. Dette målet er ikkje nådd.</li> <li>• SIF er i utgangspunktet ein interessant klubb for NTE, særleg på grunn av den store breidda (ikkje rein fotballklubb).</li> <li>• NTE går inn i ein konsolideringsfase der heile organisasjonen blir gjennomgått. Det er derfor utsikkert kor stort sponsorbudsjettet blir og korleis det blir innretta</li> <li>• Budsjettet blir avklart i løpet av februar. Vi vil få orientering om dei vidare utsiktene etter det.</li> </ul>		
<p><b>SAK 30-2012/13 NOTAT FRÅ FOTBALL OM REKRUTTERING</b></p> <p>Sidan berre Svein Åge og Eva møtte frå det ordinære styret var det uklart om møtet var vedtaksdyktig. Det må undersøkast nærmare om representantane frå fotball, basket og handball har stemmerett. Saka blei derfor utsett til neste møte.</p>	SÅR	
<p><b>SAK 31-2012/13 OPPFØLGING AV SAK 23 I MØTET 22.1.2013 OM INKREVING AV UTESTÅANDE KONTINGENTKRAV</b></p> <p>Svein Åge viste dei eksisterande rapportmulighetene i wisweb i dag. Det går ikkje an å få ut ein rapport som knyttar saman opplysningar om kva idrettar den enkelte er registrert på ("område" i kontaktregisteret) og (utbetalte) kontingentkrav. Svein Åge foreslo å bestille ein spesialrapport frå leverandøren som gir oss slik oversikt. Forslaget fekk tilslutning frå styret.</p>	SÅR	
<p><b>SAK 32-2012/13 GJENNOMGANG AV FORELØPIG REKNESKAP FOR 2012</b></p> <p>Foreløpig rekneskap viser ca 97000 i overskot. Bjørn opplyser at det i tillegg vil bli ført 13000 i utgifter (Wisweb og Riks-TV) og 21000 i inntekter (aktivitetsavgift allidrett). Eventuell avskrivning av eldre kontingentkrav vil komme som tilleggsutgift.</p> <p>Spørsmål til Bjørn:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjekk grunnlaget for konto 3401 MVA-kompensasjon. Kva er samla beløp og korleis er dette fordelt mellom idrettane?</li> <li>• Allidrett: Det er ført kr 11539 på konto 6600 Reparasjon/vedlikehold bygning. Beløpet gjeld reparasjon av vindu i garderoben . Dette skal belastast hovudstyret, ikkje allidretten.</li> </ul>	SÅR/ BM	
<p><b>SAK 33-2012/13 ÅRSMØTE</b></p> <p>Fastsetting av tidspunkt utsett til neste møte. Årsmøtet for hovudlaget bør avviklast etter at handball, fotball og basket har avvikla sine årsmøte.</p> <p>Svein Åge tar kontakt med valkomiteen (Geir Hagen, Trygve Kjærvik og Bjørn Morkemo) og orienterer om behovet for nye styremedlemmer.</p>	SÅR	

	<b>ANSV.</b>	<b>FRIST</b>
<p><b>SAK 34-2012/13 SVERRESBORG DAGEN 2013</b> Planleggingsarbeidet har ikkje kome i gang. Det er derfor urealistisk å gjennomføre arrangementet etter planen.</p> <p>Vedtak: Arrangementet må utsetjast. Endeleg beslutning om gjennomføringa må overlatast til det neste styret.</p>	SÅR	
<p><b>SAK 35-2012/13 EVENTUELT: FANE</b> Lars orienterte om arbeidet med å lage ny fane. Ragnhild Høyem har tatt på seg arbeidet. Kostnaden vil bli ca 15000 kroner. Ho foreslår å utlyse ei konkurranse blant alle lag i STF om korleis fanen bør utformast. Dette fekk tilslutning frå styret. Kriterium:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Den gjeldande grønfargen skal brukast og det skal framgå at klubben driv med både fotball, handball og basketball.</li> <li>• Jury: Hovdstyret og Ragnhild Høyem</li> <li>• Premiering: Ikkje konkretisert (må tilpassast kven som blir vinnar av konkurransen)</li> </ul>	LTK	
<p><b>SAK 36-2012/13 EVENTUELT: GYMSALORDNINGA</b> Eva orienterte om situasjonen i samband med at gymsalane på Åsveien blir stengt etter vinterferien. Det som var av problem skal no ha gått i orden, slik at alle får eit tilfredsstillande tilbod ut sesongen.</p>		

**Neste møte: 5. mars 2013 kl 2000.**